

**Forsikringsvilkår
BEDRIFTSFORSIKRING
Gjeld frå 01.01.2020**



Innhald:

Punkt	Side	Punkt	Side
1. Kven forsikringa gjeld for	2	6. Erstatningsutrekning, skadeoppgjer, eigendel og reglar for verdisetting	6
2. Kvar forsikringa gjeld	2	7. Naturskade	7
3. Kva som er forsikra	2	8. Kriminalitetsforsikring	7
4. Kva skadar som vert dekt	3	9. Ansvar	8
5. Sikringskrav Andre personar sine handlingar, forsømingar og endring av risiko	4		
		Vakttelefon ved skade	70101250

Forsikringsavtalen består av:

- Forsikringsbeviset med spesifikasjonar og særvilkår.
- Generelle vilkår.
- Forsikringsavtalelova av 16. juni 1989, så langt denne ikkje er fråveke i vilkåra.
- Lov om naturskadeforsikring av 16. juni 1989.

Forsikringsbeviset med spesifikasjonar og særvilkår gjeld føre vilkåra.

1. KVEN FORSIKRINGA GJELD FOR

Forsikringa gjeld for

- 1.1 den som er nemnd i forsikringsbeviset (forsikringstakar)
- 1.2 innehavar av panterett i lausøyre eller varer, men berre dersom panthavaren har teke i mot forsikringsattest frå selskapet, jfr. FAL paragraf 7-1, 3.ledd, som er fråviken
- 1.3 annan panthavar eller eigar av ting enn dei som er omtalt ovanfor (pkt 1.1 - pkt 1.2). men berre dersom forsikringstakaren har forsikringsplikt eller bærer risikoen for tingen. Selskapet kan med bindande verknad for medforsikra endre avtalen eller la den opphøre. Ved skadeoppgjør kan selskapet forhandle med forsikringstakaren og utbetale erstatning til ham med bindande verknad for medforsikra med mindre Selskapet har fått skriftlig melding om den medforsikra si interesse etter at skaden skjer, men før oppgjør finn stad.
- 1.4 Ved eigarskifte gjeld forsikringa til ny eigar har teikna forsikring, men ikkje lenger enn 14 dagar etter eigarskiftet.

2. KVAR FORSIKRINGA GJELD

- 2.1 Forsikringa gjeld på stad som er nemnt i forsikringsbeviset (forsikringsstaden).
- 2.2. For ting som mellombels oppheld seg andre stadar og som skal til forsikringsstaden, gjeld forsikringa i Norden (Borteforsikring).

Borteforsikringa gjeld ikkje for

- varer i eigne eller leigde lokale.
- ting på bygge- og anleggsplass.
- ting som vert brukt i entreprenør-, installasjons monterings- eller handverksemd.
- avbrotstap.

Ved ran gjeld borteforsikringa berre under transport innanlands ved sikra eller ein av hans tilsette.

- 2.3 Naturskadeforsikringa gjeld i Noreg.

- 2.4 Ansvarsforsikringa gjeld i Norden

3. KVA SOM ER FORSIKRA

3.1 Maskiner, lausøyre, varer, avbrotstap og ansvar.

Forsikringa omfattar dei gjenstandane og interesser som går fram av forsikringsbeviset.

3.1.1 Maskiner og lausøyre

som er montert for eller er eit ledd i produksjon- eller næringsverksemd eller i drift av offentlege eller private verksemd- med faste eller lause installasjonar, så som maskinfundament av eit kvart slag, alle tilknytte røyr og leidningar, maskiner sitt **ventilasjonsanlegg m.v.**

Forsikringa omfattar ikkje

- modeller, mønstre, former, stanser, matriser, klisjear, trykkplater, ståande sats o.l. utover det som er dekkja i pkt 3.2.4.
- motorvogn, tilhenger til motorvogn, luftfartøy, seglbåt eller motordreie fartøy som ikkje er varer i næringsverksemd.
- pengar og verdipapir utover det som er nemnt i 4.6.
- rekonstruksjon av arkiv, datafiler m.v. utover det som er dekkja i pkt 3.2.5.

3.1.2 Varer

3.1.3 Avbrotstap

Avbrotstap i inntil 12 månader, rekna etter reglane i pkt 6.3 ved stans eller

innskrenkingar i drifta på grunn av erstatningsmessig skade, jf pkt 4, skjedd på forsikringsstaden i forsikringstida.

Avbrotstap innanfor ansvarstida dersom tilkomsten eller bruken av forsikringsstaden er fysisk hindra eller vanskeleggjort som følgje av midlertidige skadeførebyggjande tiltak, redningstiltak eller sjølve skaden. Dette gjeld dersom skaden direkte truer eller er utløyst, sjølv om sikra sin eigedom ikkje er råka.

Tapet vert erstatta med inntil to gonger forsikringssummen for maskiner, lausøyre og varer (Desse reglane gjeld for begge avsnitta ovanfor).

Avbrotstap som følgje av at brann- eller naturskade råkar forsikringstakar sin faste vareleverandør eller kundar, innan Norden, vert erstatta med inntil 10% av forsikringssummen for maskiner, lausøyre og varer, høgst kr 450 000.

Unnatete er

- avbrotstap som følgje av reduserte ytingar frå vann, tele-, og elektrisitetsverk eller andre offentlege eller private tenesteytingar.
 - avbrotstap pga at bruken av forsikringsstaden vert fysisk hindra eller vanskeleggjort som følgje av forhold nemnt i naturskadevilkåret sitt pkt 1.3.1 – 1.3.6.
- Ansvarstida tek til på det tidspunktet skaden hindrar drifta, men ikkje seinare enn 12 månader frå skadedagen. Medfører streik, lockout eller anna form for forse majeure at utbetring/gjenoppføring vert hindra, vert ansvarstida tilsvarande flytta i inntil 12 månader frå skadedagen.

3.1.4 Ansvarsforsikring, som innehavar av den forsikra verksemd. Sjå pkt. 9.

3.2 I tillegg til det som er nemnt i forsikringsbeviset omfatta forsikringa :

3.2.1 Riving, rydding og bortkøyring

Utgifter til riving, rydding og bortkøyring av verdilause restar av skada og forsikra ting. Erstatninga er avgrensa til kr. 2.000 000,-

3.2.2 Lagring og destruksjon av miljøfiendtlige restar

Meirutgift, innanfor eit tidsrom av 12 månader, til mellombels lagring og destruksjon av miljøfiendtlige restar av skadd ting etter påbod gjeve med heimel i lov eller offentlig forskrift. Unntaket er utgifter ved påbod som styremaktene hadde heimel til å gje sjølv om skaden ikkje hadde skjedd.

Erstatninga er avgrensa til kr 1 000 000 for ting på forsikringsstaden.

3.2.3 Prisstigning etter skadedag

Meirutgifter som er komne til på grunn av prisstigning etter skadedag, avgrensa til 20 % av erstatninga for kvar skada ting, jf pkt 6.4.

3.2.4 Modellar, mønstre, former m.v

Modellar, mønstre, former, stanser, matriser, klisjear, trykkplater, ståande sats o. l. Nye ting må kjøpast innan 2 år. Erstatninga er avgrensa til kr 120 000.

3.2.5 Rekonstruksjon av arkiver, datafiler mv.

Utgifter til nødvendig rekonstruksjon av manuskript, yrkesteikningar og –beregningar, arkiver, register, kartotek, forretning sine- bøker, datafiler og dataprogram med inntil kr 120 000. Rekonstruksjon må vere gjort innan 2 år.

3.2.6 Forsikringstakar si interesse i ting selt med salgspant

Erstatninga er avgrensa til kr 120 000.

3.2.7 Utgifter ved tap av gass væske eller strøm som

som fylgje av anna erstatningsmessig skade. Erstatninga er avgrensa til kr 120 000.

3.2.8 Glas eller plastruter med dekor inntil 4 m2, ferdig innsett i vindauge, dører, innreiing og inventar i eigne og leigde lokale. **Unntatt er:** glas i portar

Spesiell eigendel, sjå pkt 6.6.

Forsikringa omfattar også:

- Ekstraavgifter til mellombels innsetting av glas av enklaste sort når ny rute ikkje kan skaffast innan rimelig tid. I tillegg erstattast ekstraavgifter med inntil kr 3000 til maling, gravering m.m.
- Skilt, utstillingskasser, montre og liknande med inntil kr 12 000 pr. eining. Erstatning gjeld ikkje utanfor forsikringsstaden.

3.2.9 Bygningsmessig tilleggsinnreiing

Når leigetakar er sikra under forsikringsavtalen omfattar forsikringa leigetakar sitt tap når bygningsmessig tilleggsinnreiing kosta av sikra som leigetakar ikkje lenger kan nyttast fordi leigeforholdet opphøyre som følgje av skade, eller fordi innreiinga ikkje vert utbetra som ledd i bygningsskaden si utbetring.

Erstatningsutrekning.

Ved gjenskaffing eller reparasjon.

Dersom innreiinga vert gjenskaffa av leigetakar innan tre år etter skade, og av sikra vert nytta til same formål innanfor landet sine grenser, skal det ved utrekning av tapet takast omsyn til den sannsynlege brukstid for innreiinga, for kor lang tid leigeavtala gjeld og om det er mogleg å forlenge avtalen. Vanlig vedlikehald/oppussing vert ikkje sett på som bygningsmessig innreiing.

Utan gjenskaffing eller reparasjon.

Dersom innreiinga uavhengig av årsak ikkje er reparert eller gjenskaffa innan tre år etter at skaden skjedde, vert erstatningsgrunnlaget sett til omsetningsverdien før skaden.

Erstatninga er avgrensa til kr 120 000.

3.2.10 Kriminalitetsforsikring. Sjå pkt 8.

Erstatninga er avgrensa til kr 120 000.

3.2.11 Uykkesforsikring for kundar under 75 år som oppheld seg i dei lokala der forsikringstakar driv si næringsverksemd.

Forsikringssum for livsvarig invaliditet er kr 240 000.
Forsikringssum ved dødsfall er kr 240 000.

Dersom den forulukka ved dødsfallet ikkje forsørgjer sine foreldre, eller hadde barn eller ektefelle i live, er dødserstatninga kr 6 000.

Forsikringssummen for behandlingsavgifter er kr 12 000.
Eigendel kr 900.

Erstatningen pr skadetilfelle er avgrensa til kr 5 000 000..

3.2.12 Reinstallasjonskostnader for programvare/operativsystem

Reinstallasjonskostnader for programvare/operativsystem er dekt med 10 % av attskaffingsprisen for skada/tapt datautstyr, høgst kr 50 000.

3.2.13 Investeringar

Nytt kjøp av maskiner og lausøyre i avtaleperioden med inntil 10 % av forsikringssummen. Verdiauken skal meldast til selskapet seinast ved utløpet av avtaleperioden

4. KVA SKADAR SOM VERT DEKT

Med skade er meint fysisk skade på ting. Når det går fram av forsikringsbeviset svarer selskapet for:

4.1 Brann

Når brannforsikring er teikna, omfattar dekninga brann, lynnedslag, og naturskader

Skade vert erstatta når han kjem frå:

- Brann, det er "eld som har kome laus"
- eksplosjon
- Uforutsett nedsoting frå eldstad
- Luftfarty, eller deler av luftfarty, som råkar ting.

Unnateke er

- sviskadar og skade av gneistar åleine.
- skade på ting som med vilje er utsett for varme.
- skade grunna sprengingsarbeid på forsikringsstaden vert ikkje erstatta.
- skade på forbrenningsmotor ved eksplosjon i sjølve motoren
- skade på transformator, elektrisk maskin, apparat, datautstyr

ved eksplosjon i desse

- Skade på smelteovn, miksar, skjenk, digel, form og liknande, der eksplosjon skjer.

Sikringskrav, sikring mot brann, sjå punkt 5.

4.2 Lynnedslag

Selskapet svarar for fysisk skade ved direkte lynnedslag. Med direkte lynnedslag er det meint at gjenstanden er direkte råka av lynet og ber merke etter lynnedslaget.

4.3 Naturskade. Sjå standardvilkår for Naturskadeforsikring pkt.8.

4.4 Vatn

Skade ved utilsikta utstrøyming av vatn eller anna væske frå rørleidning med tilknytt utstyr ved brot, lekkasje eller overfløyming. Dersom vatn eller anna væske trenger inn i bygning utanfrå erstattar selskapet berre når væska kjem frå

- kloakkleidning eller overvassleidning i grunnen
- tilførringsleidning for vatn eller fyringsolje

Unnateke er

- skade ved vatn eller anna væske som trenger inn i bygning på annan måte enn nemnt ovanfor.
- skade ved sopp eller råte
- skade på golv og veggjar i våtrom (baderom og vaskerom) dersom utstrøyminga skjer inne i våtromet.
- tap av vatn eller væske

4.5 Innbrot

Tjuveri, hærverk og tap av pengar

Selskapet svarer for skade ved tjuveri og hærverk i rom i bygning. Tap av pengar og verdipapir, her medrekna telefonkort eller andre papir som gir ihendehavaren ein rett, vert erstatta med:

inntil kr 12 000 når de oppbevart i låst skuff eller skap.

inntil kr 3 000 når de oppbevart i ulåst kassaapparat.

Ved skade på leigde rom er erstatninga avgrensa til kr 15 000.

Unnateke er

- skade ved tjuveri når bygningen eller rommet er ope for kundar eller publikum, eller når tjuven i dette tidsrom har latt seg innelåse i bygningen, sjølv om tjuveriet har skjedd utanfor opningstida.
- skade ved tjuveri og hærverk gjort av ansatte.
- utgifter til utskifting av låser dersom nøklar/koder har kome på avvegar.
- pengar i låst kassaapparat

Når det går fram av forsikringsbeviset at både brann og innbrot er omfatta av forsikringa, svarer selskapet også for direkte skade ved:

4.6 Kortslutning og anna elektrisk fenomen

Unnateke er :

- skade på datautstyr, her medrekna telefonsentralar
- skade på elektrisk maskin, apparat eller leidning med driftsspenning over 1000 volt.
- transformator sjølv om det oppstår brann i tingen. Spesielt aldersfrådrag sjå pkt. 6.7.

4.7 Brotskade på glas

a) Selskapet svarer for skade ved brot- eller hærverkskade på glas, jf pkt 3.2.8. Ved skade på skilt, utstillingskasse, monter og liknande vert også erstatta dei deler av tinga som ikkje er glas når dei vert skada samtidig med glaset.

Unnateke er:

- skade ved slitaseriper og avskallingar
- skade som skyldes arbeider med glaset og glaset sine rammer, eller skade ved bygning- og innreiingsarbeid.
- utett isolerglas

b) skade ved at ting vert ramma av glasbitar ved knusing av forsikra rute.

4.8 Ran og overfall, jf straffelovens paragraf 327.

Pengar og verdipapir vert erstatta inntil kr 120.000.

4.9 Fellesavgrensing

Selskapet svarar berre for skader som skjer i den tid selskapet sitt ansvar gjeld etter forsikringsavtalen og FAL.

Utgifter til vedlikehold er i alle høve unnateke.

For skade på forsikra ting ved at elektrisk straum vert borte på grunn av skade i framandtr elektrisk anlegg med årsak i erstatningsmessig skade nemnt under punkt 4, er erstatninga avgrensa til kr 150 000. Skade på nedkjølte eller nedfryste varer i diskar, skap, eller rom vert ikkje dekt.

5. SIKRINGSKRAV

Endring av risiko, sikringskrav og andre personar si handling med verknad for den sikra.

5.1 Lover og forskrifter gjeve av det offentlege.

5.2 Det som er fastlagt i lov om brannvern med forskrifter, samt pålegg frå offentleg brannvern.

5.3 Lov om tilsyn med elektriske anlegg med tilhøyrande forskrifter, samt det som blir pålagt av det stadlege el-tilsyn, skal følgjast.

5.4 Sikring mot brann

5.4.1 Dører og brannlemmar skal haldast lukka. Når det er naudsynt å halde branndører og brannlemmar opne, kan dette tillatast dersom det er montert automatisk slukkingsutstyr kopla til røykdetektor.

Slukkingsreiskap skal vere tilstades på ein godt synleg og tilgjengeleg stad og vera i god stand. Dei skal vere merka med dato for siste kontroll, og kontrollerte minst ein gong for året.

5.4.2 Varmt arbeid

Definisjon

Med varmt arbeid er meint arbeid der det vert nytta arbeidsverktøy og -utstyr som genererer gnister og varme som kan føre til brann. Varmt arbeid omfattar også bruk av open flamme, varmlufts-, sveise-, skjære-, og slipeutstyr.

Kvar sikringskrava gjeld

Sikringskrava gjeld ved utføring av varmt arbeid i alle miljø med brannrisiko.

Unnateke er varmt arbeid som utførast i spesielt tilrettelagte produksjons- og verkstadrom. Rommet skal vere skilt frå annan verksemd som eigen branncelle. Denne skal ha ubrennbare overflater.

Avtale med ekstern håndverker/entreprenør

Dersom varmt arbeid skal utførast av ekstern håndverker/entreprenør skal sikra se til at sikringskrava inngår i skriftleg avtale eller kontrakt med denne.

Sikringskrav

-Arbeidsinstruks for utføring av varmt arbeid utgitt av Finans Norge eller tilsvarande instruks skal vere fylt ut og signert før utføring av arbeidet. Arbeidsinstruksen er tilgjengeleg på www.fgsikring.no

-Alt brennbart materiale i risikoområdet der varmt arbeid utførast skal vere fjerna eller beskytta.

-Åpningar i gulv, vegger og tak i risikoområdet der varmt arbeid utførast skal vere tett.

-Egna slukkeutstyr i forskriftsmessig stand, minimum 2 stk 6 kg/liter håndslukkeapparat skal vere lett tilgjengeleg. Et håndslukkeapparat kan erstattes med brannslange påsatt vann fram til strålerøret.

-Navngitt brannvakt skal kontinuerleg overvåke brannrisiko under arbeidet, i pauser og nødvendig tid etter at arbeidet er avslutta, minimum 1 time. Utførande kan vere brannvakt der risikoen vurderast som låg.

-Brannvakt og utførande skal ha gyldig sertifikat for utføring av varmt arbeid frå Norsk Brannvernforening eller samarbeidande organisasjon i øvrige nordiske land.

I tillegg til punkta ovanfor gjeld følgjande sikringskrav ved arbeid på tak

-Det er forbod mot bruk av open flamme på oppføra og lufta tretak.

-Ved bruk av open flamme på kompakte og øvrige tak skal brennbar isolasjon vere beskytta med minst 30 mm ubrennbar isolasjon. Ved bruk av open flamme skal det vere ei sikringsavstand på minst 60 cm til parapet, gesims, gjennomføringar, sluk eller lignande som består av brennbare

materialer.

5.5 Sikring mot innbrotstjuveri og hærverk ved innbrot

Om ikkje anna er notert i forsikringsbeviset gjeld etterfølgjande sikringsreglar

"Sikringsklasse B1"

Sikringsreglane omfattar samtlege tilkomstdører, vindauge og andre opningar til egne lokale.

For lokale med offentleg påboden røymingsveg gjeld følgjande særreglar:

I den tid lokala er bemanna, må samtlege dører i desse røymingsvegane vere ulåste eller kunne opnast innanfrå i samsvar med dei stadlege styresmakter si tilvising. I den tid lokala er ubemanna, må desse vere låst i.h.t forskrift nærmare nemnt under dette punkt.

FG=Forsikringssselskapenes godkjennelsesnevnd.

Oppgåve over FG-godkjend materiell og utstyr kan ein få ved å ta kontakt med selskapet. Veileidning for gjennomføring av sikringskrava finn ein i "Handbok i innbrotssikring for næringslivet", FG-Publikasjon 111.

1. Dører, portar, luker og liknande opningar

- skal vere låst med ein FG-godkjendt låseeining. I lokale som berre har vindauge minst 4 meter over bakkenivå, utbygg eller andre konstruksjonar og gjenstandar som gjev innklatringshøve, kan låseeining i dør til lokala ha innvendig knappvridar dersom dør og felt som grenser til dør er utan vindauge, eller glas i vindauge er minst av sikringsglas eller sikra med polykarbonatplate.
- skal ha låseeining som held dør og karm saman dersom karm ikkje har anlegg mot veggstender.
- som er skubbare skal vere låst til karm eller annen fast bygningskonstruksjon.
- må aldri ha nøklar ståande i låsen.
- som er tofløya skal sikrast med stål kantskåter med hevearm, stål bolteskåter med låst bolt, låst bom eller annen tilsvarande sikring av det passive dørblad.
- skal vere sikra slik at dei ikkje kan opnast ved demontering av hengslene frå utsida.

2. Dører, porter, luker og liknande opningar som ikkje vender mot beferda område

- skal vere godkjend etter NS 3170 eller ha same styrke og stivleik som 35 mm kompakt tredør utan vindauge. For kontor gjeld dette berre dør i yttervegg.
- Dersom det er glas eller andre svake felt i dør til butikk, tilhøyrande lager og andre lokale som gjev tilgong til butikken, skal det vere verna alternativt med:
sikringsglas.
polykarbonatplate.
gitter.
rulljesjalusi
lem.

3. Vindauge, også vindauge i dør

- Vindauge skal vere lukka og haspa eller låst.
- Glas i vindauge og dører, som er plassert lågare enn 4 meter over bakkenivå, utbygg eller andre konstruksjonar og gjenstandar som gjev innklatringshøve, skal vere sikra slik at glaset ikkje kan fjernast frå utsida med lett handverktøy.

4. Hengsla vindauge i butikk og lagerlokale som butikken bruker skal vere låst med lås når vindauge er plassert lågare enn 4 meter over bakkenivå, utbygg eller andre konstruksjonar og gjenstandar som gjev innklatringshøve.

5.5.1 Sikringsutstyr

Der det under beskyttelsesklassene B1, B2 eller B3 vert kravd sikringsutstyr gjeld følgjande reglar:

1. Sikringsglas

- skal vere typegodkjend av FG eller testa og sertifisert etter NS 3217, motstandsklasse B1 (NS 3215) eller betre.

- skal vere sikra spesielt mot demontering. Det vert vist til: "Anbefalte retningslinjer for montering av sikrings- og brannhemmande ruter". (Glasbransjeforbundet i Norge).
- montert på hengsla eller skyvbar ramme, skal ha ramma låst med FG-godkjend låseeiningar som er kravd for dør.

2. Gitter

- skal vere typegodkjend av FG eller vere laga av stål med minst 8 mm diameter eller av stål med tilsvarande tverrsnitt som er minst 5 mm tjukt og kan ha masker som er inntil 10 x 50 cm, eller stål med minst 5 mm diameter eller av stål med tilsvarande tverrsnitt som er minst 4 mm tjukt og kan ha masker som er inntil 3 x 7 cm.
- som ikkje er fastmontert skal vere låst med FG-godkjend låseeiningar som er kravd for dør.
- skal ha festeordningar som minst tilsvarar gitteret si styrke, som f. eks 6 mm gjennomgåande boltar med ikkje over 40 cm avstand. Fester skal ikkje kunne verte demontert frå utsida. Rulle-/skyveggitte skal alltid vere festa til fast karm eller bygningskonstruksjon.
- montert på hengsel eller skyvbar ramme, skal ha ramma låst med FG-godkjend låseeiningar som er kravd for dør.

3. Rullesjalusi

- skal vere typegodkjend av FG eller vere laga av stållamellar som er minst 1,2 mm tjukke og heilt tette.
- skal rulle i egne skinner eller kanaljern, slik at dette ikkje kan verte demontert i lukka stilling
- skal vere låst med FG-godkjend låseeining som er kravd for dør.
- skal ha festeordningar som minst tilsvarar rullesjalusien si styrke, som f.eks. 6 mm gjennomgåande boltar med ikkje over 40 cm avstand. Fester skal ikkje kunne demonterast frå utsida. Rullesjalusi skal alltid vere montert til fast karm eller bygningskonstruksjon.

4. Lem

- skal vere av minst 15 mm kryssfinerplate, minst 1,5 mm stålplate eller ha tilsvarande styrke.
- som ikkje er fastmontert skal vere låst med FG-godkjend låseeining som er kravd for dør.
- skal ha festeordningar som minst tilsvarar lemme si styrke, som f.eks. 6 mm gjennomgåande boltar med ikkje over 40 cm avstand. Fester skal ikkje kunne verte demontert frå utsida.
- montert på hengsla eller skuvbar ramme, skal ha ramma låst med FG-godkjend låseeining som er kravd for dør.

5. Polykarbonatplate

- skal vere minst 6 mm tjukk.
- skal vere montert på innsida i tillegg til vanleg glas.
- skal ha festeordningar som minst tilsvarer polykarbonatplatea si styrke, som f.eks. 6 mm gjennomgåande boltar med ikkje over 20 cm avstand. Det må verte nytta store stoppskiver eller langsgåande flatjern.
- fester skal ikkje kunne verte demontert frå utsida.
- montert på hengsla eller skyvbar ramme, skal ha ramma låst med FG-godkjend låseeining som er kravd for dør.

6. Bom

- skal vere av stål og tilfredsstillende:
- Utvendig: Tverrsnitt minst 60 x 10 mm eller tilsvarande styrke
- Innvendig: Tverrsnitt minst 50 x 8 mm eller tilsvarande styrke
- skal vere festa slik at det tilsvarar bommen sin styrke. Fester skal ikkje kunne verte demontert frå utsida.
- skal vere låst med FG-godkjend hengelås. Det skal nyttast minimum klasse 2 innvendig og minimum klasse 3 utvendig.
- skal ha hengelåsbeslag av stål på bommen, og beslaget skal ha same styrke og dimensjon som hengelåsbøyelen.
- skal vere slik at beslaget og hengelåsen sin bøyel skal fylle kvarandre.
- utvendig, skal ha hengelåsbeslag som er slik konstruert at det skjermar låsen.

7. Hengelåsbeslag

- skal vere FG-godkjend og ha same klasse som hengelåsen. Dette gjelder klasse 3, 4 og 5.
- skal vere festa til karm eller vegg i samsvar med produsenten sine tilvisingar.

- Fester skal ikkje kunne verte demontert frå utsida

8. Bakkantbeslag

skal vere slik utforma at det saman med hengsler m.m. gir døra same motstandskraft mot oppbryting på hengselsida (bakkant) som på låsesida.

5.6 Sikring mot frostsadar

Bygning skal haldast tiltrekkeleg oppvarma for å unngå frostsadar.

5.7 Sikringskrav ansvar

5.7.1 Tank for oppbevaring av brannfarleg væske og andre kjemikalier

Fylgjande sikringskrav om regelmessig kontroll av og forsvarleg oppsamlingsskum for tankar (her under andre behaldarar) til oppbevaring av brannfarlig væske og andre kjemikalium gjeld:

5.7.2 Nedgravne tankar

Nedgravne tankar skal kontrollerast jevnleg (korrosjonsangrep skal kontrollerast i reingjort tank og vegg tjukt skal målast) og tank inklusive røyrleidningar skal tettingsprøvest med trykkluft eller vakuum:

- Første kontroll skal utførast seinast 15 år etter at tanken var ny, og deretter minst kvart 5. år
- Rekondisjonerte tankar skal kontrollerast første gong seinast 10 år etter rekondisjoneringa, og deretter minst kvart 5. år

Tankar der tjukkelsen på vegg er redusert med 50% eller meir kan ikkje rekondisjonertast.

Tilstands- og kvalitetskontrollen inklusive målte tjukkelsar på veggane skal dokumenterast skriftleg.

For visse tanktypar kan kontroll alternativt gjennomførast ved slikt system for automatisk lekkasjeovervaking som vist til i Forskrift av 19. mars 1991 nr. 210 om tiltak for å hindre lekkasje frå nedgravne tank for brannfarlig væske klasse A (Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern), og Forskrift av 31. januar 1997 nr. 102 om tiltak for å motverke fare for forureining frå nedgravne oljetankar (Statens forureiningstilsyn, Oljevednavdelinga).

5.7.3 Overgrunns oppbevaringstankar

Stasjonære, overgrunns oppbevaringstankar skal vere sikra med forsvarleg oppsamlingsskum eller anna effektivt oppsamlingsarrangement for lekkasjar i samsvar med Forskrift av 7. desember 1982 nr 1949 om tiltak for å hindre spill eller lekkasje frå stasjonære utandørs overgrunnstankar for oppbevaring av brannfarleg væske (Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern).

5.7.4 Standard bransjereglar - generelt

Der det i sikra si bransje er utarbeida standard leveringsreglar med ansvarsregulerande reglar, og desse er i alminneleg bruk, skal reglane nyttast utan tillegg/endingar som medfører utvidingar av sikra sitt ansvar.

5.7.5 Oppdrag for oppdrettsnæringa

Ved leveranse, montering, service eller vedlikehald for oppdrettsnæringa - skal fylgjande kontrakt nyttast utan tillegg/endingar som medfører utvidingar av sikra sitt ansvar:

Ved leveranse- NL 92

Ved leveranse og montering - NLM 94

Ved service og vedlikehald - NR 84/NU 84

5.7.6 Varmt arbeid

Ved installasjon-, montering-, reparasjon- og vedlikehaldsarbeid der det vert nytta open eld, oppvarming, sveise-, skjere-, lodde- og/eller slipeutstyr, skal arbeidet utførast i samsvar til instruks som er nemnt i pkt. 5.4.2

6. ERSTATNINGSUTREKNING, SKADEOPPGJER, EIGENDEL OG REGLAR FOR VERDISSETTING

FAL6-1 er fråviken. I staden gjeld fylgjande reglar:

6.1 Maskiner og lausøyre

6.1.1 Ved gjenskaffing eller reparasjon

Erstatninga vert rekna på grunnlag av kostnadene til

reparasjon/gjenskaffing til same - eller i hovudsak same - stand som umiddelbart før skaden skjedde, rekna etter prisane på skadedagen. Erstatningsgrunnlaget kan ikkje verte sett høgare enn attskaffingsprisen før skaden, jfr pkt 6.8.1 fråtrekt verdien etter skaden, rekna etter same regel.

Det vert trekt frådrag for verdiauke ved forbetring av tilstanden på den skadde ting eller del/komponent av tingen ved at brukt vert erstatta med nytt. Ved vurdering vert det teke omsyn til forringing ved elde, bruk, nedsett bruksverdi, den tid tingen har vore i bruk og attståande brukstid.

Frådrag vert trekt for den del av verdiauken som overstig 40 % av tingen eller delen/komponenten sin verdi før skaden.

6.1.2 Utan gjenskaffing eller reparasjon

For ting som uavhengig av årsak ikkje vert reparert eller gjenskaffa innan tre år etter at skaden skjedde, vert erstatningsgrunnlaget rekna som i pkt 6.1.1, men avgrensa til reduksjonen i omsetningsverdien som følgje av skaden.

6.2 Varer

Erstatninga vert rekna på grunnlag av kostnadene til reparasjon til same, eller i hovudsak same, stand som før, rekna etter prisane på skadedagen. Erstatningsgrunnlaget kan ikkje verte sett høgare enn verdien før skaden, rekna i samsvar med pkt. 6.8.2.

Ved totaltap vert erstatningsgrunnlaget sett til verdien før skaden.

6.3 Erstatningsutrekning avbrot

Avbrotstapet vert erstatta etter same forhold som ting, sjå pkt 6.8 om underforsikring.

Ved leasingavtale vert forsikringssummen lagt til dei kontraktbeløp som er nemnt i forsikringsbeviset, og attskaffingsprisen vert lagt til i alle kontraktbeløp.

Forsikringa skal berre gje erstatning etter reglane i forsikringsavtala for det tap som verkeleg er lidt.

Tapet skal snarast mogleg etter utløpet av ansvarstida eller tidlegare verte fastsett dersom partane vert einige om det.

1. Avbrotstapet vert sett til forskjellen mellom det resultat av drifta som ville ha vore oppnådd i ansvarstida utan skade - og resultatet av drifta i ansvarstida etter skaden.

Desse resultatata vert rekna utan omsyn til inntekter og kostnader som ikkje har noko med sjølve drifta å gjere, som f.eks. danning eller oppløysing av reserver i behaldning og varekontrakt, inntekts- og formueskattar.

Sikra pliktar å medverke til at drifta i ansvarstida vert så god som mogleg, f.eks. ved utbetring, gjenskaffing, overflytting til anna lokale, mellombels omlegging eller innstilling av drifta.

Gjev selskapet bestemte tilvisingar, må desse fylgjast.

2. Ved utrekning av det resultat av drifta som ville ha vore oppnådd i ansvarstida utan skade, skal verksemda sitt resultat av drifta i tilsvarende tidsrom før skaden -minimum eit år – verte lagt til grunn (samanlikningstida).

Resultatet i samanlikningstida vert justert dersom

- konjunkturar, salshøve, prisar og produksjonsmetodar eller andre driftsforhold påviseleg ikkje er det same i ansvarstida som i samanlikningstida

- drifta i samanlikningstida heilt eller delvis har vorte avbrota.

- drifta i ansvarstida heilt eller delvis ville ha vorte avbrota av anna årsak enn skaden.

Ved utrekning av resultatet av drifta i ansvarstida etter skaden

- vert dei kostnader som er rettsleg nødvendige eller forretningsmessig vel grunna for verksemda si reduserte drift tekne med, og som ikkje kan innsparast - alt innan ansvarstida.

- her vert lønn, ferielønn, sosiale trygder og andre tariffesta ytingar til tilsette tekne med, men berre i den grad det er naudsynt å behalde dei under den vidare drift, og lønn m.v i oppseiingstida, i samsvar til paragraf 59 i Lov om arbeidvern og arbeidsmiljø m.v, til dei andre tilsette som heller ikkje vert sysselsett med arbeid på annan måte.

Lønn m.v utover det som er nemnt i førre avsnitt, skal berre takast med dersom det er særskilt avtalt.

- tek ein med ekstraordinære kostnader som kjem til i det høve å avgrense tapet, f.eks. utgifter til provisoriske tiltak, forseringsutgifter ol. Er selskapets samtykke ikkje innhenta på førehand, vert slike kostnader berre rekna med i den grad dei påviseleg har minska tapet.

Medfører slike kostnader nytte utover ansvarstida, tar ein berre med det beløp som forholdsvis fell på ansvarstida.

- vert inntekter i ansvarstida tekne med, her medrekna renteinntekter som skuldast skaden.

- tek ein ikkje med

- * tingskadar

- * auka finanskostnader eller aukande avskrivningar som ikkje skuldast skaden

- * auka kapitalkostnader på grunn av investering ut over erstatning for ting

- * dagsbøter, mulktar og anna erstatningsansvar.

- * den del av avbrotstapet som er ei følgje av at drifta vert tatt opp att og vert hindra eller seinke på grunn av

- * andre forbetringar, utvidingar eller endringar enn slike som skuldast påbod gjevne med heimel i lov eller offentlig forskrift for utbetring av skaden. Selskapet svarer ikkje for slikt tap ved påbod som styresmaktene hadde heimel til å gje sjølv om skaden ikkje var skjedd.

- * reguleringsvedtak som er vedteke etter skaden.

- * manglande arbeidskraft etter skaden.

- * ufullstendig tingforsikring.

- * manglande finansiering.

6.4. Utrekning av prisstigning og renter

Prisstigning vert rekna frå skadedagen til reparasjon eller gjenskaffing har skjedd eller normalt kunne ha skjedd.

Prisstigning vert erstatta i same forhold som skaden elles og er avgrensa til 20 % av erstatninga for kvar skadd ting etter skadedagen sitt prisnivå.

Selskapet erstattar prisstigning berre dersom skaden er utbetra innan 3 år frå skadedagen for maskiner og lausøyre.

Erstatninga vert fastsett og forfell til betaling når skaden er utbetra.

I den samla erstatning for avbrotstap og prisstigning vert det gjort frådrag for opptente renter av erstatninga.

6.5 Skjønn

Fastsetting av erstatningsgrunnlag og verdiar, og spørsmål i samband med utrekning av avbrotstap, vert avgjort ved skjønn dersom den sikra eller Selskapet krev det.

Skjønnnet kan ikkje med bindande verknad for partane ta stilling til skadeårsak og andre faktiske forhold som er avgjerande for selskapet sitt ansvar.

Reglane om skjønn i Generelle vilkår pkt 2 vert lagt til grunn.

6.6 Eigendel

Ved erstatningsutrekning vert det gjort frådrag med heimel i vilkår eller lov, før frådrag av eigendel.

I erstatningsoppgjeret for kvar sikra vert det trekt fylgjande eigendel når anna ikkje er bestemt eller særskilt avtala

- kr 6 000.

- ved brot- og hærverkskade på glas kr 3 000.

- ved naturskade etter lov om naturskedeforsikring, den eigendel som til ein kvar tid er fastsett av departementet.

- ved avbrot: Tap av dei første 48 timer (karenstid) av ansvarstida.

Har sikra fleire forsikra ting i selskapet som er råka ved ei og same hending, vert det trekt berre ein eigendel - den høgaste.

6.7 Aldersfrådrag

Aldersfrådrag vert gjeldande i staden for den avtalte eigendel når aldersfrådraget overstig denne.

På mekanisk eller elektrisk innretning, maskin eller apparat som vert skada ved kortslutning eller anna elektrisk fenomen vert det trekt frådrag med 10 % av skaden for kvart heile år sidan tingen vart teken i bruk som ny, men ikkje meir enn 80 %.

Ved brotskade eller skade ved elektrisk fenomen på varmtvassbeholdar/ -beredar eller -fyrkjele, vert det trekt frådrag på grunnlag av dei totale reparasjonskostnader med 5 % for kvart heile år utstyret er eldre enn 10 år.

Ved ulik alder på skadde deler legg ein den eldste delen sin alder til grunn for heile erstatningsutrekninga.

Aldersfrådrag skal gjerast i dei samla utgiftene.

6.8 FORSIKRINGSSUMMAR

6.8.1 Forsikringssum - maskiner og lausøyre

Forsikringssummen vert fastsett av forsikringstakar. Forsikringssummen skal minst tilsvare det som det på skadedagen ville ha kosta å gjenskaffe tilsvarande eller i hovudsak tilsvarande ny ting, gjenkjøpsprisen.

Er forsikringssummen lågare enn gjenkjøpsprisen, vert ein så stor del av skaden erstatta som svarar til forholdet mellom forsikringssum og gjenkjøpsprisen (underforsikring).

Nyinnkjøp er omfatta av forsikringa og verdien av desse vert teke med ved vurdering av om det er skjedd ei underforsikring.

Når nyinnkjøp i avtaleperioden er forsikra gjennom vilkåra sitt pkt. 3 eller ved eigen sum for uspesifiserte nyinnkjøp, vert forsikringssummen auka med verdien av desse nyinnkjøp, høgast det forsikra beløp.

6.8.2 Forsikringssum - varer

Forsikringssummen vert fastsett av forsikringstakar og skal minst tilsvare verdien. Ved fastsetting av verdien vert det teke omsyn til sparte kostnader og renter, kontrantrabatt, ukuranse og andre omstende som verkar inn på verdien. For varer som har redusert verdi på grunn av ukuranse og som vert selt til redusert pris, skal verdien reduserast i same forhold som reduksjon i salspris. Varer som sikra sjølv ikkje har produsert og varer under produksjon, vert verdsett til innkjøpspris med tillegg av kostnader, begge delar etter dei prisane som var gjeldande ved ordinær produksjon og levering umiddelbart før skaden skjedde.

Ferdige varer av eigen produksjon vert verdsett til partiprisen, omsyn tatt til sikra sitt normale salgsmønster. For selte varer vert kontraktprisen brukt. Det som er berga skal først og fremst sjåast på som selt.

Er forsikringssummen lågare enn verdien, vert ein så stor del av skaden erstatta som svarar til forholdet mellom forsikringssummen og verdien (underforsikring).

6.8.3 Førsterisiko

For postar med gitt sum i vilkåret og for postar i forsikringspolisa nemnt som førsterisiko, vert erstatningsgrunnlaget sett, før frådrag av eigendel, inntil dei nemnte summar. Underforsikringsreglane ovanfor gjeld ikkje.

6.9 Diverse reglar ved skade

6.9.1 Skademelding

Skade skal meldast til selskapet utan ugrunna opphald. Selskapet kan krevje at skademeldinga skal innehalde sikra sitt fødselsnummer (11 siffer) eller føretaksnummer.

Følgjande skader skal meldast til politiet:

Brann, tjuveri, hærverk og ran.

Selskapet kan krevje at også andre skader vert meldt til politiet.

6.9.2 Meirverdiavgift/investeringsavgift

Meirverdi/investeringsavgift vert refundert etter dokumenterte kostnader som er tilkomne innan 5 år ved utbetring av skaden.

6.9.3 Forhold til panthavar, konkursbu, nye eigarar o.l.

Overfor panthavar, konkursbu, leasingselskap, utleigefirma o.l. er Selskapet sitt ansvar avgrensa til det lågaste av følgjande beløp:
- nedgangen i tingen sin omsetningsverdi som følgje av skaden
- vedkomande si økonomiske interesse i tingen på skadetidspunktet.
For panthavar betyr "tingen" i denne samanheng heile panteobjektet. Desse reglane gjeld ikkje leasa fast eigedom.

Ved konkurs gjeld reglane ovanfor utan omsyn til om konkursen vart opna før eller etter at skaden skjedde.

Overfor andre og nye eigarar, etter at skaden skjedde, enn eigaren si/sin ektefelle, sambuar eller livsarving, vert selskapet sitt ansvar avgrensa som om gjenskaffing ikkje finn stad.

6.9.4 Oppgjersmåtar

Selskapet kan avgjere om skaden vert erstatta ved kontantoppgjjer, reparasjon, gjenskaffing, eller at selskapet skaffar tilsvarande, eller i hovudsak tilsvarande, ting.

Ved kontantoppgjjer kan erstatninga ikkje overstige det selskapet hadde måtta betale for reparasjon eller gjenskaffing.

Ved reparasjon eller gjenskaffing, har selskapet rett til å bestemme kva reparatør eller leverandør som skal verte brukt.

6.9.5 Eigeomsretten til skadde ting og til ting som kjem til rette
Sikra er pliktig til å behalde ein skadd ting mot å få utbetalt erstatning for skaden på tingen, men selskapet har rett til å overta skadde ting. Kjem ting til rette etter at erstatning er betalt, har den sikra rett til å behalde tingen mot å betale erstatninga tilbake. Vil ikkje den sikra det, tilfell tingen selskapet.

6.9.6 Selskapet si overtaking av panterett

Er selskapet ansvarleg overfor panthavar, men ikkje overfor eigaren, trer selskapet inn i panthavar sin rett i den utstrekning selskapet betalar erstatning til panthavar.

6.10 Ansvarsavgrensingar som følgje av handlingar og forsøming frå sikra sine tilsette, endring av risiko og sikringskrav

6.10.1 Ansvarsavgrensingar som følgje av handlingar og forsømingar frå sikra sine tilsette m.v (identifikasjonsreglar)

Dersom den sikra sin rett til erstatning fell bort som følgje av den sikra sine handlingar eller forsømingar, gjeld dette også ved tilsvarande handling eller forsøming gjort av tilsette som har det overordna ansvar for den del av verksemda der forsøminga er gjort.

Den som ved handling forsømer å halde eller å sjå til at sikringskrava vert haldne, kan heilt eller delvis misse retten til erstatning. Retten fell også bort om forsøminga er gjort av andre personar som gjer arbeid av leiande art og av andre som har ei særleg sjølvstendig stilling innan verksemda, samt arbeidsleiarar, medrekna formenn o.l.

Ved forsøming av å halde sikringskrava som gjeld tjuveri og hærverk, kan rett til erstatning også falle bort ved forsøming gjort av den som har fått utlevert nyklar eller har ansvaret for låsing der tingen er oppbevart.

For medforsikra tredjeperson får reglane om bortfall av erstatning ved forsøming av ikkje å halde sikringskrava tilsvarande bruk. Dette gjeld ikkje tredjepersonar medforsikra etter FAL 7-1, 2. ledd.

6.10.2 Ansvarsavgrensingar ved endring av risiko

Sikringstiltak nemnt i forsikringspolisen skal vere gjennomført og haldne vedlike. Dersom det har skjedd ei endring som skulle ha ført til høgare premie, kan erstatninga høvesvis bli sett ned.

6.10.3 Ansvarsavgrensingar ved brot på sikringskrav

Forsikringa er overteken på grunnlag av at dei fastsette sikringskrava til ei kvar tid vert haldne. Har den sikra forsømt å halde sikringskrava, eller å sjå til at dei vart haldne, kan retten til erstatning heilt eller delvis falle bort. (FAL § 4-8)

7. NATURSKADE

Selskapet dekkjer skade på brannforsikra ting i Noreg, med direkte årsak i naturulukker som skred, storm, flaum, stormflod, jordskjelv eller vulkanutbrot. Jf. lov om naturskadeforsikring av 16. juni 1989, nr. 70.

Sjå eige vilkår som gjeld for denne dekninga.

Skade med direkte årsak i skred, storm, flaum, stormflod, jordskjelv og vulkanutbrot. Jf. Lov om naturskade forsikring.

Sikringsføresegner, sjå punkt 5

Ved naturskader etter lov om naturskadeforsikring, den eigendel som til ei kvar tid er fastsett av departementet.

8. KRIMINALITETSFORSIKRING

8.1 Kven kriminalitetssforsikringa gjeld for

Forsikringa gjeld for den som er nemnt i forsikringsbeviset (sikra).

Forsikringa gjeld også for selskap som sikra overtar eller etablerer i løpet av forsikringstida, føresetnad er at den verksemda som slikt selskap driv er omfatta av den nemninga som verksemda er nemnt med i forsikringsbeviset.

8.2 Kvar forsikringa gjeld

Dersom ikkje anna er avtalt, gjeld forsikringa for handlingar som er utført for den verksemd sikra driv i Noreg.

8.3 Når forsikringa gjeld

Forsikringa omfattar berre tap som vert konstatert i forsikringstida. Tapet vert sett på som konstatert på det tidspunkt sikra har rimeleg grunn til mistanke om at ei straffbar handling er gjort.

Den tapsbringande handling må vere gjort i forsikringstida eller innanfor eit tidsrom nemnt i forsikringsbeviset.

Det reknast som eit forsikringstilfelle når tap er forårsaka ved at

- fleire personar i samarbeid har utført handlinga, eller
- same person har utført fleire handlingar. Dette gjeld også om handlingane er utført i forskjellige forsikringsår og omfattar fleire straffberre forhold.

8.4 Kva forsikringa omfattar Straffbare handlingar utført av tilsette

Forsikringa omfattar direkte økonomisk tap, (sjå avsnitt under), som sikra vert påført ved at tilsette, lønna direkte av sikra, beviselig har gjort seg skuldig i - ei handling som er straffbar etter Almindelig borgerlig Straffelov (straffeloven) av 22. mai 1902 nr. 10 føresetnad er at vedkomande har handla i den hensikt å skaffe seg sjølv eller andre enn sikra ein uberettiga direkte økonomisk vinning utover forfremming, lønnstillegg, bonus e.l. Tapet vert dekt sjølv om gjerningsmannen var sinnssjuk eller medvitslaus i gjerningsaugeblikket, jf. Almindelig borgerlig straffelov (straffe- loven) av 22. mai 1902 nr. 10, paragraf 44.

Direkte økonomisk tap

Med direkte økonomisk tap er meint kronebeløpet/ verdien som er fråvendt sikra ved handling som er omfatta av forsikringa. Forsikringa omfattar ikkje fysiske skader på ting eller personar, eller økonomiske følgeskader av slike skader. Forsikringa omfattar heller ikkje indirekte økonomisk tap eller konsekvenstap, her medrekna tapt inntekt, tapt fortjeneste etc.

Rentetap frem til 2 månader etter at forholdet er meldt Forsikringsselskapet, inflasjonstap, disponeringstap og liknande tap sikra lider ved ikkje å kunne disponere beløp/verdiar er ikkje dekt.

Gjeld tapet gjenstandar, fastsettes verditapet til kva det vil koste å skaffe tilsvarande - eller i det vesentlige tilsvarande - gjenstand då tapet vart konstatert.

Det skal gjerast frådrag for den vinning/fortjeneste sikra eventuelt har hatt i samanheng med den handling som er gjort.

8.5 Kva kriminalitetsforsikringa ikkje omfattar

Forsikringa omfattar ikkje tap som sikra er påført

- ved handlingar i forsikringstida som har tent til å dekke tap påført sikra ved handlingar gjort før forsikringa trådde i kraft.

- ved handlingar utført av eller i samarbeid/forståing med eigar/eigarar eller denne/deira si familie, som kvar for seg eller samla har meir enn 50% av aksjane og/eller har avgjerande påverknad i sikra si verksemd. Til familie reknast sikra sine foreldre, barn, sysken og deira ektefelle, samt sikra si ektefelle eller sambuar. Med sambuar er meint person som sikra lever saman med i ekteskapsliknande forhold som har vedvart dei siste 2 år.

8.6 SIKRINGSREGLAR

Følgjer av ikkje å halde sikringsreglar

Dersom brot på sikringsreglar fører til skade eller større erstatningsansvar enn sikra elles ville hatt, og sikra har utvist forsøming med å halde dei eller med å sjå til at dei vart haldne, kan utbetalinga under forsikringa bli redusert eller falle bort, jf. FAL paragraf 4- 8.

Regnskapsførsel og internkontroll - Sikringskrav
Sikra skal ha retningslinjer som sikrar at sikra sin regnskapsførsel er i samsvar med god regnskapskikk. Retningslinjene skal i tillegg fastsette rutinar for ein forsvarlig internkontroll, her medrekna kor ofte kontroll skal gjerast. Retningslinjene skal framleggast for selskapet på forlangande.

Tilgangskontroll og autorisasjon - Sikringskrav
Verksemda skal ha etablert tilgangskontrollsystem som sikrar krav til autentisering (verifisering av IT-brukarar ved pålogging til datasystema) og autorisasjon. Tilgangskontrollsystemet skal vere etablert på alle IT-plattformer som er vesentlege for verksemda.

8.7 Forsikringssum

Forsikringssum kr 120 000 er selskapet si samla utbetalingsplikt både for kvart forsikringstilfelle og i løpet av eit og same forsikringsår.

8.8 Eigendel

Dersom ikkje anna er avtalt, er sikra sin eigendel kr 6.000 for kvart forsikringstilfelle.

Eigendel reknast av ei kvar utbetaling under forsikringa, også av utgifter til ekstern sakkyndig.

8.9 IDENTIFIKASJON

Med "sikra" i desse vilkår er meint forutan verksemda si øvste leing også personar som utfører arbeid av leiande art eller av andre som har særlig sjølvstendig stilling innan verksemda.

8.10 SIKRA SINE PLIKTER ved forsikringstilfelle

Er forsikringstilfellet skjedd, skal sikra utan ugrunna opphald melde frå til selskapet.

Når sikra vil gjere krav gjeldande mot Selskapet i samsvar til forsikringa, skal sikra omkostningsfritt for selskapet

- omgåande gje selskapet alle opplysningar som vil bety noko for saka si handsaming.
- framlegge nødvendig dokumentasjon av tapet.
- omgåande melde det forhold forsikringstilfellet omfattar til påtalestyresmakt og framsette nødvendig påtalebegjæring, samt begjære erstatningskravet overfor den skuldige på dømt i straffesaka. I særskilte tilfelle kan anmeldelse unnlatast etter avtale med selskapet.
- foreta den nødvendige pågang (inkludert sivil arrest) overfor den skuldige for å få denne til å gjere opp tapet, inntil selskapet eventuelt har dekt tapet og sjølv kan foreta den nødvendige pågang (jf. pkt. 10.c). Forsikringa omfattar likevel direkte utlegg i samband med slik pågang.

8.11 EKSTERNE SAKKUNNIGE

Etter avtale med Selskapet kan det engasjerast ekstern sakkunnige sin bistand til å kartlegge hendinga og tapet sin storleik. Dette reduserer ikkje sikra sine plikter etter pkt 8.10.

8.12 Utbetaling av erstatning og oppgjør frå den skuldige

Erstatninga vert utbetalt så snart selskapet har hatt rimelig tid til å klarlegge forsikringstilfellet og rekne ut erstatninga.

Utbetaling skal ikkje utsettast i påvente av offentlig behandling av ei eventuell straffesak mot den skuldige med mindre dette er nødvendig for å fastslå om tapet er omfatta av forsikringa eller for å rekne ut erstatninga.

Er det på eit tidligare tidspunkt på det reine at selskapet skal betale i alle fall ein del, vert det utbetalt likevel eit tilsvarande forskot.

Det skal gjerast frådrag for den sum som sikra kan motregne overfor den skuldige.

Ved oppgjør under forsikringa, trer selskapet, så langt oppgjørtekker, inn i sikra si erstatningskrav overfor den skuldige.

Kjem det inn midlar frå den skuldige går desse til dekning av selskapet sine erstatningsutbetalingar framfor dekning av sikra sin eigendel.

9 . ANSVARFORSIKRING

9.1 Kven ansvarsforsikringa gjeld for

Forsikring gjeld for den som er nemnt i forsikringspolisen (forsikringstakar).

Forsikringa omfattar også direkte ansvar som tilsette pådreg seg dersom ansvaret etter paragraf 2-1 i Lov av 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning kunne vore gjeldande overfor arbeidsgivaren, og skaden ikkje er voldt av de(n) tilsette ved forsett.

Dersom den sikra som arbeidsgjevar vert halden ansvarleg for skade som er forsettleg gjort av tilsette, trer selskapet inn i den sikra sin rett til regress mot de(n) tilsette.

9.2 Kvar ansvarsforsikringa gjeld

Ansvarsforsikringa gjeld for skade, jf. pkt. 9.4.2, - som skjer i Norden

- som den sikra er erstatningsansvarleg for etter gjeldande rett i dei nordiske land.

For produktansvar (sjå pkt. 9.6) er likevel det geografiske området utvida, sjå pkt. E.6.1.

9.3 Når ansvarsforsikringa gjeld

Dersom ikkje anna er avtalt, må skaden vere konstatert av den sikra eller skadelidne i forsikringstida.

Skade vert ført på den forsikringa som var gjeldande då skaden først vart konstatert.

Alle skader som skuldast same hending reknast som eit skadetilfelle og det vert vist til det tidspunkt då første skade vart konstatert.

9.4 Kva ansvarsforsikringa omfattar

9.4.1 Rettsleg erstatningsansvar

Forsikringa omfattar den sikra sitt rettslege erstatningsansvar for skade, jf pkt 9.4.2, som er voldt under utøving av den verksemda som er nemnt i forsikringspolisen, her medrekna rettsleg erstatningsansvar som eigar eller brukar av fast eigedom som vert nytta i verksemda.

9.4.2 Skade

Med skade er meint personskade eller tingskade.

Personskade vert sett på som konstatert når ein person vert skada, påført sjukdom eller dør.

Tingskade vert sett på som konstatert når lausøyre (her medrekna dyr) eller fast eigedom vert skada eller går tapt på annan måte, eller når elektronisk lagra informasjon vert forvanska eller går tapt på annan måte.

Økonomisk tap som følgje av ei dekningsmessig skade vert rekna som ein del av denne, også når den dekningsmessige skade ikkje overstig eigendelen.

Føreligg det dekningsmessig skade etter forsikringsvilkåra, vert tilkomstomkostingane erstatta sjølv om tilsvarande kostnader er heilt eller delvis nødvendig også for å få omgjort/repertert den sikra sitt eige arbeid/produkt.

9.5 Kva ansvarsforsikringa ikkje omfattar

Dersom ikkje anna er avtala, omfattar forsikringa ikkje ansvar:

9.5.1 For utgifter/kostnader/tap knytt til oppfylling av den sikra si kontrakt (dvs. avtalt yting, leveranse, arbeid, entreprise e.l.) her medrekna

a) skade på sikra sin leveranse, arbeid eller entreprise når skaden skjer før overlevering eller skuldast feil eller mangel som låg føre ved overleveringa

b) verdireduksjon/prisavslag/tap på grunn av mangelfull, forseinka eller uteblitt oppfylling av kontrakta

c) kostnader til heil eller delvis omgjering av sikra si kontrakt, eventuelt verdien av denne dersom omgjering ikkje skjer, eventuelt vert utført av andre.

9.5.2 For skade på ting (jf. pkt. 9.4.2.) som sikra har til

a) sal, utleige, transport, framvising, demonstrasjon o.l.

b) leige, lån, bruk eller oppbevaring.

c) flytting, installasjon, reparasjon, av eller tildekking, ombygging eller annen bearbeiding.

Unntaka gjeld sjølv om skade først oppstår etter at tingen er tilbakelevert eller arbeidet er avslutta.

9.5.3 Som den sikra har påteke seg å bere og som går utover det som følgjer av alminnelege rettsreglar, det vil seie eit kvart ansvar som åleine byggjer på garanti, kontrakt, løfte, tilsegn eller annan avtale inngått før eller etter at skaden er konstatert. Forsikringa omfattar likevel den sikra sitt ansvar for skade påført tredjemann i samsvar med reglar om regulering av erstatningsansvar i standardkontrakt som er utarbeida i fellesskap av partane sine bransjeorganisasjonar.

9.5.4 For personskade i samband med produksjon av asbest, eller bruk, behandling eller sanering av bygning eller gjenstand som inneheld asbest.

9.5.5 For personskade som råkar den sikra sine tilsette når skaden er skjedd i arbeidsforholdet.

9.5.6 For ærekrenkingar eller oppreising, her medrekna Lov av 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning, paragrafane 3-5 og 3-6, eller for bøter o.l. (her medrekna "Punitive Damages" eller "Exemplary Damages").

9.5.7 For skader som vert dekt av anna ansvarsforsikring teikna for verksemd utanfor Norge.

9.5.8 For forureining av luft, vatn eller grunn, eller skade som følgjer av dette. Som forureining reknast også støv, støv, larm, lukt, lys og bestråling.

Forsikringa omfattar likevel skader der årsaka til forureininga er

plutseleg og uforutsett, jfr. krava om forholdstiltak i pkt. 5.7/9. "Tank for oppbevaring av brannfarleg væske, olje og andre kjemikalier - Sikringsforskrift".

Ved dekningsmessig forureinings-skade omfattar forsikringa også utgifter til opprydding pålagt av offentlege styresmakter. Opprydding på eigen eigedom, eigedom eid av mor-/datterselskap, eller eigedom som den sikra driv eller disponerar, vert ikkje dekt.

9.5.9 For tingskade oppstått ved gravings-, piggings-, sprengings-, spuntings-, pelings- og rivningsarbeid. Som sprenging vert også rekna bruk av ekspanderande masse.

9.5.10 For tingskade i samband med einkvar bruk av høgtrykks sprøytemalingsutstyr i friluft.

9.5.11 som eigar, førar eller brukar av

a) motorkjørety, her medrekna truck og arbeidsmaskin med eige framdriftsmaskineri.

Forsikringa omfattar likevel rettsleg erstatningsansvar

- som eigar, førar eller brukar av transportreiskap med elektrisk framdriftsmaskineri som ikkje kan køyrast fortare enn 10 km/t.

b) seglbåt eller motordrevet farty.

c) luftfarty.

9.5.12 Som byggherre, her medrekna også for om- og påbygging av egne anlegg.

9.5.13 Overfor mor-/datterselskap eller overfor selskap eller verksemd - i same konsern, jfr aksjelova sin paragraf 1 - 2

- der eigarinteressene er dei same med 50% eller meir i kvart av selskapa

- der sikra eller sikra si familie har meir enn 50% eigarinteresse eller avgjerande råderett

- som er disponert av sikra

- overfor medeigar for skade på ting som er eid i fellesskap

9.5.14 Som eigar av kloakk- eller overvannsledning for skade på ting ved oversvømming eller tilbakeslag i samband med nedbør eller snøsmelting, med mindre det er overveiande sannsynleg at skaden ville skjedd uavhengig av nedbøren eller snøsmeltinga.

9.6 Produktansvar

Med produktansvar vert forstått at den sikra vert rettsleg erstatningsansvarleg for skade (jf pkt 4.2) som er valda av manglar eller skadevoldande eigenskapar ved leverte produkt.

I slike tilfeller gjeld følgjande særreglar i tillegg til dei andre reglane i vilkåra:

9.6.1 Kvar forsikringa gjeld

I tillegg til å omfatte produktansvar for skadar som skjer i Norden (sjå pkt. 9.2) - eller anna geografisk område som måtte vere avtalt - omfattar forsikringa også produktansvar for skade som skjer utanfor det avtalte område dersom skaden skyldast produkt

a) som den sikra har selt til forbrukar eller for levering til forbrukar innanfor det avtalte området

b) som er vidareselet utanfor det avtalte området utan at den sikra visste eller burde visst dette.

9.6.2 Kva forsikringa ikkje omfattar

Dersom ikkje anna er avtalt, omfattar forsikringa ikkje produktansvar a) for skade som skuldast at eit kjemisk eller farmasøytisk produkt ikkje har virka slik det skulle eller hatt den tilsikta effekt, med mindre årsaka er ein rein produksjonsfeil.

b) for skade på sjølve produktet.

c) for omkostningar ved reklamasjon eller tilbaketaking, her medrekna omkostningar i samband med

- reparasjon, omlevering, bortkøyring, deponering og destruksjon av produktet

- nødvendig skadevolding for å reparere eller skifte det leverte produkt, jf. pkt. E.4-2, siste avsnitt

- å trekkje produktet tilbake frå marknaden, slik som utgifter til oppsporing av produktet eller meddelingar til kundar, allmennskapen o.l.

Reglane frå og med pkt. 9.5.8 til og med pkt. 9.5.12 gjeld ikkje for produktansvar.

9.7 Sikringsreglar

Forsikringa er overtatt på grunnlag av at dei fastsette sikringsreglane vert haldne heile tida. Følgjer ved overtreding av sikringsreglar og her medrekna andre personar sine handlingar med verknad for sikra, sjå pkt. 5

9.7.1 Varmt arbeid

Ved installasjons-, monterings-, reparasjons- og vedlikehaldsarbeid der det vert nytta open eld, oppvarming, sveise-, skjere-, lodde- og/eller slipeutstyr, skal arbeidet verte utført i samsvar med instruks som nemnt i vilkåra sine pkt 5.4.2 .

9.8 Forsikringssum

9.8.1 Dersom ikkje anna er avtalt, er forsikringssummen avgrensa til kr 10 000 000 ved kvart skadetilfelle.

9.8.2 For produktansvar, (sjå pkt 9.6), er den avtalte forsikringssummen Selskapet si samla erstatningsplikt for alle skadetilfelle som vert konstatert i løpet av eitt og same forsikringsår.

9.8.3 Saksomkostningar vert dekt i tillegg til forsikringssummen ved skade innan Norden. Ved skader utanfor Norden (produktansvaret) vert saksomkostningar og redningsomkostningar dekt, men berre innanfor forsikringssummen.

9.9 Eigendel

9.9.1 Standard eigendel

Dersom ikkje anna er avtalt, er den sikra sin eigendel kr 6000 ved kvart skadetilfelle.

9.9.2 Auka eigendel

Eigendelen vert auka til 10 % av skadebeløpet, minimum kr 20 000, maksimum kr 150 000, likevel aldri lågare enn eventuelt særskilt avtalt for følgjande typar skade:

a) skade ved vassinntrenging under/etter avdekking av eksisterande bygningskonstruksjonar, f.eks. i samband med påbyggingsarbeid, taktekking eller skifte av takbelegg

b) skade utløyst av setningar som følgje av grunnarbeid utført om vinteren.

c) skade som skuldast at det er brukt open eld, oppvarming, sveise-, skjere-, lodde- og/eller slipeutstyr. (Ved slike arbeid gjeld dessutan særskilte sikringsforskrifter, sjå pkt. 5.4.2 "Varmt arbeid - Sikringsforskrift")

d) skade ved brot på vass- eller kloakkledning, eller for tingskade ved overfløyning eller tilbakeslag gjennom kloakk- eller overvassledning.

9.10 Sikra sine plikter ved skadetilfelle

Skade som kan vere venta å føre til erstatningskrav, skal meldast til selskapet utan ugrunna opphald.

Når erstatningskrav er reist mot sikra eller selskapet, plikter den sikra - omgåande å gje selskapet alle opplysningar av meining for saken si behandling

- for eigen kostnad å utføre dei undersøkingar og utredningar som selskapet finn nødvendig, samt å møte ved forhandlingar eller rettargang.

Dersom den sikra utan selskapet sitt samtykke innrømmer erstatningsplikt eller forhandlar om erstatningskrav, er dette ikkje bindande for selskapet.

9.11 Behandling av erstatningskrav

9.11.1 Når eit erstatningskrav som vert omfatta av forsikringa overstig den avtalte eigendel, tilligg det selskapet å

- utrede om erstatningsansvar føreligg

- forhandle med kravstillaren

- om nødvendig prosedere saken for domstolane.

9.11.2 Selskapet betaler sine eigne kostnader ved omkostningar til ekstern advokat og anna sakkyndig bistand valt eller godkjent av Selskapet, vert betalt av Selskapet i den grad summen av omkostningane og eventuelle erstatningsutbetalingar overstig eigendelen (sjå likevel pkt 9.8.3 ved skade utanfor dei nordiske land).

Dersom erstatningskravet og/eller grunnlaget for dette dels vert omfatta av forsikringa og dels fell utanfor, vert omkostningane fordelt etter partane si økonomiske interesse i saken.

Er selskapet villig til å forlike saken eller stille forsikringssummen til

disposisjon, vert det ikkje svara for omkostningar som seinare kjem til.

9.11.3 Selskapet betalar den del av erstatninga som overstig eigendelen. Selskapet har rett til å betale alle erstatningar direkte til skadelidne.

9.12 Regress

Har den sikra ikkje meldt ifrå om forsikringstilfellet til selskapet innan eit år (jf. FAL paragraf 8-5, 1. ledd), har selskapet rett til regress mot den sikra i dei tilfella der selskapet har utbetalt erstatning direkte til skadelidne.

Vår vakttelefon ved skade: 70059760 eller 70101250 etter kontortid